Kven vinn 5000 kr i Spar Uskedalen sin julekalendar? 22.12.2017

Det vert spennande å sjå kven som vinn toppremien i Spar Uskedalen sin julekalendar.

Spar Uskedalen har hatt ein kjekk og spennande julekalendar på facebook i desember. Gjennom 8 rundar med oppgåver, har dei skapt stort engasjement med mange deltakarar kvar gong. Det har vore premiering etter kvar runde, men i tillegg har dei 8 vinnarane gått vidare til finale, og ein av dei får storgevinsten på sjølvaste julaftan.

Oppgåvene har vore knytta til butikkdrifta, og det har variert kor vanskeleg det har vore å finna dei rette svara. Likevel har dei vore formulert slik at absolutt alle har kunna delta. Oppgåvene har vore publisert gjennom korte videosnuttar.

Vanskelegast var det nok å finna det svaret på kva år Sanda-Martho overtok butikkdrifta. Det var etter konkursen i 1931. Då hadde ho skaffa seg handelsbrev og fått 7 born. Dei aller fleste tippa 1916 her.

Vi skulle også tippa kor mange Pizza Grandiosa(orginale) og kor mange Fjellbrød Spar Uskedalen selde i 2016. Her var det stor spennvidde i svara, men mange var også forbausande nære. Eg var ikkje blant dei gode tipparane, og vi skal kanskje vera glade for at tipset mitt på Grandiosa ikkje stemde. Det vart selt 6916 Fjellbrød og 2373 Grandiosa.

Elles var det spørsmål etter toppgevinsten på Flax sin store julekalendar, kor mykje lutafisk vi reknar pr. person, kor den gode Hardangerpølsa vert laga og når Evergood-kaffien vart lansert for første gong.

Kvar gong vart det kåra vinnarar som fekk premie. I tillegg gjekk dei vidare til den store finalen der premien er gåvekort på heile 5000,-kr. Dei 8 finalistane er:

1. Ragnhild K. Løland
2. Line Soltveit
3. Kenneth Fjelland
4. Gro Grønfur
5. Henny Irene Vik
6. Anne Kjersti Lunde
7. Kjetil Hauge
8. Tor Skeie Olsen

Spenninga vert utløyst på sjølvaste julaftan. Då vert den heldige vinnaren gjort kjend på Spar Uskedalen si facebook-side.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland